

TILBAKEMELDING FRÅ KONTAKT- OG TILSYNSBESØK I RENNESØY KOMMUNE 11.01.00

INNLEIING

Statens utdanningskontor var på kontakt- og tilsynsbesøk i Rennesøy kommune 11.01.00. Føremålet med slike besøk er å fremje dialog og kontakt mellom statleg og kommunalt nivå og få kunnskap om innhald, organisering og kvalitet på opplæringstilbodet kommunen gir. Med utgangspunkt i ny opplæringslov og arbeidet med innføringa av L97, vart det fokusert på forsøks- og utviklingsarbeid og på kvalitetsutvikling og kvalitetsvurdering. Rennesøy kommune sto for planlegging av detaljane i programmet i samråd med utdanningskontoret og sende inn utfyllande dokument før besøket. Utdanningskontoret er godt nøgd med førearbeidet.

Ved kommunebesøket i Rennesøy deltok følgjande frå kommunen: Ordførar Jostein Eiane, rådmann Magne Fjell, leiar av hovudutval Ivar Finnesand, oppvekstsjef Arild Bjørn Stavsøien, rektor Bernt Selvikvåg, inspektør Tone Olsen Finnesand, leiar av spes.team Kari Strandenæs, FAU-representantane Geir Hausken og Aina Krog – Mosterøy skole, rektor Vigdis Fossåskaret – Rennesøy skole, rektor Johannes Haug – Østhusvik skole, PPT-leiar Ingrid Bøvre og arbeidsplassstillitsvald Randi M. Vik. Siste del av dagen vart gruppa supplert med rektor for musikkskolen Atle Rise, hovudtillitsvald Steinar Bru og pedagogisk konsulent Anny Hatlen.

Frå utdanningskontoret deltok utdanningsdirektør Sigmund Sunnanå, rådgjevar Audun Gjerde og førstekonsulent Lars Kristian Eriksen.

Rapporten er skriven med utgangspunkt i kommunebesøket, innsende dokument og annan kontakt mellom utdanningskontoret og Rennesøy kommune. Utdanningskontoret har i denne runden av kommunebesøk lagt opp til ei kortare rapporteringsform enn tidlegare. Denne ordninga gjer at vi ikkje omtaler alle tema som vart drøfta under besøket.

GJENNOMFØRING AV REFORM 97

Innføring av 10-årig skoleløp har gått bra sjølv om kommunen ikkje gjennomførte prøveordningar med 6-åringar i skolen før oppstart hausten 1997. Det vart tilsett førskolelærarar i stillingar på skolane frå hausten 1997. Kompetansen til førskolelærarane og planleggingsarbeidet i nettverka som skulle førebu denne delen av reforma, har vore til god hjelp i utvikling av eit godt tilbod til 6-åringane.

Etter samtalar, gjennomgang av planar og presentasjon av Mosterøy skole sitt arbeid med L97, er det vårt inntrykk at skolane er godt i gang med utvikling av prosjektarbeid som metode og temaorganisert opplæring. Det er lagt til rette for arbeidsformer som stimulerer til elevmedverknad og ansvar for eiga læring. Det er vårt inntrykk at skolane og lærarane har arbeidd godt med tilpassing til nytt læreplanverk.

Den fagspesifikke kompetanseutviklinga vert organisert i nettverk av faglærarar. Kommunen er ikkje nøgd med alle samlingane HIS har gjennomført i det samordna opplegget utdanningskontoret har lagt til rette for. Dette har ført til at kvaliteten på det skolebaserte opplegget ikkje vart godt nok. Kommunen bør vurdere tiltak som kan rette på dette i samband med satsinga på kvalitetsutvikling. Organisering av nettverk innafor ulike fag og område synes å vere fornuftig.

Mange familiar nyttar SFO-tilbodet ved skolane, og dei fleste elevane får plass. Det er ikkje lenger plass til alle som melder behov. Vi registrerer at foreldrebetalinga har auka mykje det siste året. Kommunen er usikker på om prisauken vil føre til at mange ikkje kan nytte dette tilbudet. Samarbeid med idrettslag om felles tiltak er positivt. Når kommunen utvidar musikkskolen til kulturskole, bør ein vurdere om dei yngste elevane kan få kulturskoletilbodet samordna med SFO-tilbodet. Kommunen har registrert at det ikkje er interesse for å utvida SFO til å dekkje dagar med skolefri eller i feriar.

Mosterøy skole har lagt til rette for uteskole som ein del av skolen sin plan. Denne undervisningsforma vert også brukt ved dei andre skolane. Mange av hovudmomenta i faga har eit innhald som eignar seg godt til uteundervisning. Utdanningsdirektøren var imponert av utsmykkingsarbeida elevane hadde utført og korleis skolen presenterte desse i fellesareal og klasserom.

Ungdomssteget

Rektor ved Rennesøy skole gjorde greie for at skolen har vanskar med å tilpasse seg til nytt læreplanverk på grunn av upraktisk skolebygg. Skolen har gjennomført utviklingsoppgåver innafor IKT og nyttar data aktivt i prosjektarbeid og i andre samanhengar. Skolen er godt utstyrt med datamaskinar. Det er etter vårt syn positivt at skolen har sett fokus på læraren som rettleiar og har lagt til rette for felles satsing på å utvikle denne rolla for alle i kollegiet. Både utvikling av læringsstrategiar og klasse miljøutviklingsprosjektet er gode døme på tiltak for å få dette til. Rektor peika på at store grupper og små ressursar til støtteundervisning gjer det vanskeleg å leggje til rette for tilpassa opplæring. Vi vurderer det som positivt at ungdomssteget nyttar lesekursmetodikk for elevar som treng denne forma for hjelp. Leiinga på skolen vurderer også matematikkurs for dei som har behov for det. Skolen arbeider også aktivt med nye prøveformer og er i ferd med å utvikle vurderingskriterium i fag og prosjektarbeid saman med skolar i andre kommunar for å sikre kvalitet i elevvurderinga.

Omfanget av prosjektarbeid har auka, og det er lagt vekt på pedagogisk bruk av IKT i arbeidet. Utdanningsdirektøren er godt nøgd med at IKT-prosjekta har medverka til at lærarane har auka kompetanse i pedagogisk bruk av IKT.

På ungdomssteget er Valet til skolen og eleven i liten grad organisert som elevstyrt aktivitet. Skolen har som målsetjing å tilpasse Valet til skolen og eleven intensjonane i L97 på ein betre måte. Utdanningsdirektøren vil oppmode skolen til å prioritere dette arbeidet.

Rektor på ungdomsskolen informerte om tiltak som er i gang for å styrkje oppvekstmiljøet. Skolen har hatt positivt samarbeid med Finnøy sentralskole om gjennomføring av eit prosjekt retta mot rusmiddelførebyggjande arbeid.

Spesialpedagogiske tiltak

Det er etablert gode rutinar for å fange opp elevar med ekstra behov. Lesetestar og kartleggingsprøver er lagt inn som faste rutinar på skolane. Lesekurs for elevar vert gjennomført, og elevane synest å ha godt utbyte av denne undervisningsforma. For å sikre god samordning av hjelpetiltak vert det i enkelte tilfelle etablert breitt samansette ansvarsgrupper for at fleire sider ved eleven sitt oppvekstmiljø skal bli vurdert i oppfølginga av eleven. Rennesøy har fleire elevar med til dels tunge åtferdsvanskar som krev mykje ekstra innsats frå kommunen. Mosterøy skole presenterte gjennomtenkte rutinar som er utvikla for å sikre kvalitet i tilretteleggings- og oppfølgingsarbeidet.

Kommunen opplever at den nye organiseringa av PP-tenesta fungerer godt. Samarbeidet med Kvitsøy og Randaberg har ført til tettare kontakt mellom skole og PPT, og det er inga ventetid

for å få hjelp av PPT. Oppfølging på skolane skjer i ansvarsgrupper der det vert lagt vekt på tverretatleg samarbeid. Utdanningsdirektøren fekk inntrykk av at Mosterøy skole er kome særleg langt i dette arbeidet.

Kommunen har ennå ikkje utarbeidd eigen plan for spesialundervisninga. Etter at det er oppretta interkommunal PP-teneste, vil det vere naturleg at ein slik plan vert laga i samarbeid med PP-tenesta og deira arbeid med verksemdplanlegging. Vi registrerte at kommunen arbeider med omlegging av rutinar for at fleire elevar skal få hjelp innafor ordinære rammer og dermed mindre tildeling av ekstraressursar. Auken i klagesaker frå kommunen kan vere eit resultat av denne omlegginga. Utdanningsdirektøren ber kommunen om å leggje meir arbeid i behandling av klagesakene på kommunalt nivå, før dei eventuelt blir vidaresende til utdanningskontoret.

Kvalitetsutvikling og kvalitetsvurdering

Kommunen har ikkje utvikla eige vurderingssystem for å sikre oppfølging av den skolebaserte vurderinga. Alle skolane har vore med i vurderingsprosjekta som utdanningskontoret har gjennomført, og har opplegg for skolebasert vurdering. Kollegarettleiing er utvikla som eit praktisk reiskap ved alle skolane og går inn som del av kompetanseutviklinga i kommunen. Alle skolane er nøgde med dette arbeidet. Barneskolane har nytta kollegarettleiing meir enn lærarane på ungdomssteget. Rektorane rapporterte om gode erfaringar med denne arbeidsforma. Kurs for lærarar i rettleiingsmetodikk har ført til god kvalitet i arbeidet. Arbeidet vert organisert og gjennomført i arbeidslag som skolane har oppretta. Vi registrerer at stort arbeidspress på oppvekstsjefen gjer at kommunen i liten grad har makta å følgje opp den skolebaserte vurderinga, men at kommunen vil vurdere å gjere noko med denne situasjonen i samband med omorganisering i etaten.

Det er arbeid med kvalitetsutvikling av rutinar og innhald i foreldrekonferansane. Skolane har samarbeidd om dette, men har utvikla ulike ordningar. Representantane frå FAU/Mosterøy skole var nøgde med skolen sitt arbeid og samarbeidet elles. Utdanningsdirektøren vil oppmoda skolane til også å trekkje foreldre og elevar med i den skolebaserte vurderinga for å vurdere effekten av dei kvalitetsutviklingstiltaka som er sett i gang.

Kommunen informerte kort om elevmedverknad i saker som har verdi for barn og unge gjennom etablert ungdomsråd. Det er positivt at elevråda vert oppmoda til å gi uttale om planarbeidet i kommunen.

Andre tema

Skoleanlegg

Kommunen har nyleg laga ein ny skolebruksplan. Det er gjort avvik frå den gamle planen m.a. på grunn av vedtak om strukturendringar. Nedlegging av Bru skole og avslutting av samarbeidet med Stavanger om elevar frå Rennesøy på Åmøy skole, har ført til stor auke i elevtalet ved Mosterøy skole. Dette har gjort at andre byggjetrinn ved Mosterøy skole er ferdigstilt før andre skolebygg som hadde høgare prioritet i den gamle planen. Det er og gjennomført forbetring av inn klima ved den gamle bygningen.

Stor auke i elevtalet og endra skolestruktur har ført til kapasitetsvanskar på skolane. Det kom fram at kommunen nyttar tal på barn i kommunen i dag som grunnlagstal i planarbeidet sitt. Kommunen meiner at dei har lokale nok til eventuelle tilflyttarar med den planen dei har i dag. Planar for ny skole på Vikevåg er ferdige og arbeidet er starta opp. Det gjenstår nå rehabilitering og tilbygg på ungdomsskolen. Ungdomsskolen har ikkje gode forhold og har kome sist i prioriteringa. Skolen treng store klasserom, fagrom og fleire grupperom i tillegg til

betre arbeidsrom for lærarane. Prosjektarbeid og temaorganisert undervisning krev også eit betre bibliotek enn det som er i dag. Kommunen er vidare godt kjent med at ikkje alle skolane og barnehagane fyller krava i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skolar.

Utdanningsdirektøren meiner at nybygga er godt tilpassa krav til nye arbeidsmåtar etter L97.

Manglande opparbeiding av uteareal ved Mosterøy skole vert i nokon grad kompensert med uteskole i skolenære område som har ulike naturkvalitetar. Uteområde er ein vesentleg del av elevane sitt læringsmiljø, og tilrettelegging for fri leik og anna utfolding er viktig å investere i.

Kommunen reknar med at store utgifter i samband med bygging og rehabilitering av skolar kan føre til trongare driftsbudsjett ei tid framover. Vi ser at det i inneverande år er budsjettet med ei svak lønsauke og det er ikkje reserver for ein eventuell auke i klassetal. Det er uheldig dersom ekstraavgifter i samband med lønsoppgjer og eventuell oppretting av ny(e) klassar må føre til små rammer til skolane.

Vi fekk opplyst at ungdomssteget er ikkje godt nok utstyrt med læreverk. Rektor ved ungdomsskolen rekna med at det vil ta opp til to år før bøker og utstyr er oppdaterte etter L97. Læreboka tel ifølgje rektor på ungdomssteget, ekstra mykje i ein nynorskskole fordi mange oppslagsverk og anna litteratur er på bokmål. Lærarane peika på at det derfor er særleg viktig å vere oppdaterte på lærebøker.

Behov for vaksenopplæringstilbod er ikkje kartlagt. Kommunen melder at dei stort sett har oversikt over behov og har dekt det gjennom tilbod som er kjøpt i Stavanger. Stor innflytting gjer området mindre oversiktleg. Utdanningsdirektøren rår kommunen til å vurdere behovet for vaksenopplæring nærare og lage dei planane som trengst.

Kommunen hadde lagt til rette for eit godt program som gav oss eit godt innsyn i skolen i Rennesøy gjennom interessante samtalar. Statens utdanningskontor takkar Rennesøy kommune og Mosterøy skole for eit verdfullt og vel tilrettelagt kontaktmøte. Vi ønskjer lukke til med det vidare arbeidet med utviklinga av skolen.